



Mange kjem for å sjå på sauehuset om ei veke

Sauehuset til Olav Hjetland Bringedal - ein investering på 3 millionar kroner - kan trygt kallast hypermoderne. Det har mellom anna appetittforing og kraftforautomatar og neste laurdag vil det verta presentert for eit større publikum. Huset har fått positiv merksemd blant saueoppdrettarar og andre og det er venta eit stort besøk. Alle leverandørane vil også vera på plass.

Det har kome mange positive attestar sidan huset, med ein kapasitet på 240 dyr, vart teke i bruk, Til dømes peika jordbrukssjef i kommunen Tore Eik på at huset er lyst og luftig med godt miljø for dyra. Men ikkje berre det - huset er også ein svært god arbeidsplass for dei som skal ha det daglege tilsynet, heldt Eik fram.

Fatland spelar naturleg nok ein stor rolle i samband med sauehusvisninga, også med servering av grillmat. Hilde K.Håland i Fatland Ølen seier til uskedalen.no at huset er prega av nytenkjing og av at Olav er ein ung mann som vil satsa annleis, ikkje minst når det gjeld effektiv utnytting av tida,

Det er fleire moderne sauehus i Hordaland men huset i Uskedalen er eit av dei mest avanserte og det kjem folk langvegs for å sjå på det.

Interessa for 'ope fjøs' neste laurdag er stor og på Fatland vil dei setta opp fellestransport hvis mange nok meldar seg.

Tekst, foto og NETT: Ola Matti Mathisen

KLIKK PÅ ANNONSEN SÅ VERT HAN SKARPARE

Visning av SAUEHUS



**Lørdag 8. mars kl 11.00 i Uskedalen hos
Olav H. Bringedal og Ragnhild T. Bjørke**

Moderne sauehus med apetitt-føring og kraftfør-
automater. Alle leverandører vil være til stede.

Fatland serverer grillmat!

Sauda Bygdeservice

For alle typer bygg og utrustning

Reime

REIME AGRI AS



STÅL- OG LANDBRUKSBYGG AS



Felleskjøpet Rogaland Agder



FATLAND

